

Huldra Hildur

- ei familieframstilling om setra og huldra - full av morsom og fengande barnemusikk

Aslak Brimi kom i 2020 med barneboka "Huldra Hildur", og ilag med boka kom både barneplate og lydbok. Det er også laga ei barneframstilling med utgangspunkt i musikken og historia om huldra Hildur.

I framstillinga møter vi Tore (Even Lusæter) som skal ha ansvaret for setra gjennom sommaren. Han skal mjølke og stelle, og ta vare på alle dyra og passe på at alle har det bra. Vi møter også Hildur (Mari Midtli), ei sanglad hulder som bur på setra. Ho ser til at Tore gjer det han skal, og spelar han eit puss eller to gjennom sommaren.

Framstillinga formidlar historier frå setra og om huldra, engasjerande og spennande episoder mellom Tore og Hildur, og fengande barnemusikk med både dans og allsong.

Musikarane er Aslak Brimi, Mads Erik Odde, Pål Svindland og Espen Wensaas.

Framstillinga er ca 30-35 min, og passer for barn fra 4 år og oppover, kanskje særleg 4 til 8 år.

Ta kontakt med Aslak Brimi (aslakbrimi@gmail.com) for meir info og pris.



Barneplata "HULDRA HILDUR"

NOMINERT til Spellemann 2020 i kategorien "BARNEMUSIKK"

Tilgjengeleg på alle strøymatenester.

Lydbok med musikk er også tilgjengeleg på alle strøymatenester.